

Til  
Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

|                                |                         |
|--------------------------------|-------------------------|
| Helse- og omsorgsdepartementet |                         |
| Saksnr.:<br>200500444          | Dok.nr.:<br>8           |
| Arkivkode:<br>500              | Journ. dato:<br>18/5-05 |
| Avd.:<br>KTA 2                 | Saksbeh.:<br>BSH        |
| U.off.:                        |                         |

Dykkar referanse:

200500444

Vår referanse:

05/1480

Dato:

12.05.2005

Saksbehandlar:

Anny Skarstein

Telefon:

24 16 35 19

E-post:

ans@shdir.no

Arkiv:

365

### NOU 2005:3 "Fra stykkevis til helt –en sammenhengende helsetjeneste. Høringsutsegn frå Statens råd for funksjonshemma

Vi viser til NOU 2005:3 og høringsbrev datert 01.03.05. Saka er behandla i rådsmøte 6. april.

Då utvalet i hovudsak har konsentrert seg om administrativ tilrettelegging innan eksisterande regelverk og har gitt ei innstilling utan dissens, vil rådet berre kort kommentere følgjande endringar:

- brukarmedverknad i kommunane
- samhandlingsmilliard
- tilsyn med helsetenestene


Wisløffutvalet gjer framlegg om å innføre brukarmedverknad i kommunane etter modell av brukarmedverknad i føretaka. Statens råd for funksjonshemma er usikre på om dette bør gjerast nå. For det første er brukarmedverknadsmodellen i helseføretaka under evaluering, og det kan vere grunn til å vente på resultatet av denne evalueringa før ein set i verk brukarmedverknad på systemnivå i kommunane. For det andre har Stortinget nå lovframlegg om kommunale råd til behandling. Det er enorme variasjonar i storleik mellom kommunane, og ein del små kommunar vil kunne ha vanskar med rekrutteringsgrunnlaget til dei ulike medverknadsorgana. Organisering av brukarmedverknad i kommunane må også sikre system for inkludering av brukarkompetansen i samhandlinga mellom dei ulike nivåa i helsetenestene. Rådet vil ut frå dette tilrå at brukarmedverknad på ulike område vert sett i samanheng, slik at ein sikrar ordningar som fungerer på dei ulike medverknadsarenaene.

Wisløffutvalet gjer også framlegg om å setje av ein milliard til konkrete samhandlingstiltak som involverer begge nivå. Utan å ta stilling til storleiken på summen, støttar rådet tanken om å løne initiativ til aktive tiltak for betre samhandling.

Statens råd for funksjonshemma støtta Aaslandutvalet sitt framlegg om at fylkesmannen skulle ha samordningsansvar når det gjeld statleg tilsyn med kommunane. Det vil medverke til betre koordinering av tilsyn retta mot den enkelte

kommune. God samordning av tilsyn vil også medverke til ei betre sektorovergripande forståing av kommunane si tenesteyting overfor ulike grupper.

Med venleg helsing

  
Ellinor Sundseth  
sekretariatsleiar

  
Anny Skarstein  
rådgjevar